



Nokre av kursdeltakarane samla i Gamleskulen saman med instruktør Frank Rolland

Førebuingane til Folkemusikkveka 2012 held fram.

I går samlast 15 personar til ensembelspel i Gamleskulen.

Kurset skal gå over 4 kursdagar i vekene fram til Folkemusikkveka 20. – 27. oktober.

Instruktørar er felespelarane Frank Rolland og Einar Mjølunes.

Ensembelspel tyder at alle med kvar sine instrument kan vera med.

På kurskvelden i Uskedalen var desse instrumenta representerte: Trekkspel, bass, gitar og hardingfele.

Kursa fører fram til at gruppa skal vera med på fleire konsertar i oktober.

I Uskedalen kan ein gle seg til å høyra mykje god folkemusikk på konsert- og dansekvelden i Helgheim fredag 26. oktober.

Her vil kvedargruppa og vera med.

Tekst og foto: Kristian Olav Bringedal



Ensembelspel med instrumenta hardingfele, rytmegitar og bass